



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/2031 - 18/12109

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@radoy.kommune.no

Dato:
22.08.2018

Delings sak Gbnr 77/81 - Nye grunneigedomar - tomt 1-5 - delingsløyve

Delegasjonssak nr.: 206/2018

Vi viser til dykkar søknad om deling motteken 22.08.2018.

Saksutgreiing:

Heimelsavar

Helland eigedom & invest as. Søkjar er Arkoconsult as.

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppretting av 5 nye grunneigedomar, felt BF01 og BF02, tomt 1-5.

Planstatus

Dei omsøkte tomtane ligg innanfor godkjent reguleringsplan for Olsvollstranda næringsområde, planid. 12602014000600. Arealformål: bustader- frittliggjande – småhus (1111).

Nabovarsling

Søknaden er ikkje nabovarsla særskilt.

Det er anmoda om fritak frå nabovarsling med grunngjeving i at nabovarsling er gjort i samband med søknad om rammeløyve, og at tomtegrenser er vist i rammesøknadene. Det er gjeve rammeløyve for oppføring av tomannsbustader på tomtane i april 2018. Det er vidare vist til at deling er i samsvar med eigedomsgrenser vist i godkjent reguleringsplan.

Andre styresmakter

Søknaden er i samsvar med gjeldande reguleringsplan og treng ikkje høyring i høve til regionale styresmakter.

Plassering



FRÅDELINGSPLAN
GNR.77 BNR.81, NORDRE AUSTMARKA, RADØY KOMMUNE



Vatn og avløp (VA)

Eigedomane skal knyttast til offentleg vass- og avlaupsanlegg.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomane er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg gjennom godkjent reguleringsplan.

VURDERING

Rådmannen vurderer at dei omsøkte tomtane kan delast i frå i samsvar med godkjent reguleringsplan. Eigedomane skal nyttast i høve til arealføremål i plan.

Vidare vert det vurdert at ny nabovarsling ikkje er naudsynt. Tomtedeling/eigedomsgrensane er varsla i samband med søknad om rammeløyve for oppføring av tomannbustader. Nabovarsla i byggesaka er mindre enn eit år gamle, jf. SAK § 5-2. Eigedomsgrensar er vidare vist i godkjent reguleringsplan.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova §§ 8-12.

VEDTAK:

Det vert gjeve løyve til oppretting av 5 nye grunneigedomr, tomt nr.1-5 frå 77/81 slik det er beskive i søknad motteken 22.08.2018.

Grunngjeving av vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i Plan og bygningslova § 20-1 d m og § 21-3, naturmangfaldslova §§ 8-12, samt matrikkellova § 33

Vedtaket vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Eigedomane skal koplast til offentleg vatn- og avlaupsanlegg. Om leidningar må førast over anna eigedom skal rett til å føre fram leidnignsnett leggjast fram for tinglysing før eigedomen vert oppretta.
2. Tilkomst til veg som er ope for ålmen ferdsla skal etablerast i samsvar med reguleringsplan.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage på vedtak

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok

at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast saksmaal om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, j.fr forvaltningslova § 27b.

Dersom det ikkje vert klaga på vedtaket vert saka sendt til oppmålingsavdelinga i kommunen som tek kontakt for oppmålingsforretning.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
11.1.1	Deling i samsvar med grenser fastsett i godkjent reguleringsplan	5 x 3 300,-	16500
	Totalt gebyr å betala		16500

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage på gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Kjartan Medaas
oppmålingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Oppmåling - Teknisk forvaltning
Radøy kommune

Mottakere:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSEN